

# Dåp i hovudgudstenesta

## 1 | Mottaking til dåp

**L** | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

(...)

**L** | Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

**ML** | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:

«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»

Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. ■

*Mark 10,13–16*

**L** | Lat oss takka og be.

(...)

*(Bla om til neste ark umiddelbart)*

## 3 | Dåpsbefalinga

L | Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåp:

**ML** | Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. ■

Matt 28,18–20

## 4 | Fadderansvaret

## 5 | Forsakinga og trua

## 6 | Dåpshandlinga

ML er dåpsassistent.

*(Bla om til neste ark umiddelbart)*

# 7 | Bøn og lovprising

Anten alternativ a, b eller c

## Alternativ a

L | Lat oss takka og be.

**ML** | Trufaste Gud,  
vi takkar deg for dåpen,  
der du tek imot oss og kallar oss med namn  
Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt/døypte* i dag.  
Ver med *henne/han/dei* gjennom livet og  
vara *henne/han/dei* i dåpens nåde.  
Styrk foreldra og fadrana i oppgåva dei har fått.  
Gud, høyr vår bøn. ■

Fadervår blir sagt fram. Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår utelatast her.

L | Lova vere Gud...

Dåpsliturgien blir avslutta med ein salme.

## 8 | Dåpssalme

Viss det er søndagsskule så vert den introdusert her.

## Alternativ b

L | Lat oss takka og be.

**ML** | Trufaste Gud,  
vi takkar deg for dåpen,  
der du tek oss inn i di kyrkje.  
Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt/døypte* i dag.  
Hald di vernande hand over *henne/han/dei*,  
og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for  
*henne/han/dei*.  
Gud, høyr vår bøn. ■

Fadervår blir sagt fram. Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår utelatast her.

L | Lova vere Gud...

Dåpsliturgien blir avslutta med ein salme.

## 8 | Dåpssalme

Viss det er søndagsskule så vert den introdusert her.

## Alternativ c

L | Lat oss takka og be.

**ML** | Trufaste Gud,  
vi takkar deg for dåpen,  
og for lovnaden om at Jesus er med oss alle våre dagar.  
Vi bed for *NN/dei* som er *døypt/døypte* i dag.  
Vara *henne/han/dei* i trua på deg,  
så *ho/han/dei* kan vandra i lyset  
og nå det evige målet i ditt rike.  
Gud, høyr vår bøn. ■

Fadervår blir sagt fram. Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår utelatast her.

L | Lova vere Gud...

Dåpsliturgien blir avslutta med ein salme.

## 8 | Dåpssalme

Viss det er søndagsskule så vert den introdusert her.